



ULSTEIN KOMMUNE



Kommunal planstrategi 2019-2023

Vedteke i Ulstein kommunestyre sak 122/20
26.11.2020

Innholdsliste

Innholdsliste	2
1.0 Kva er planstrategi?.....	3
1.1 Rammer og føringar for arbeidet.....	3
2.0 Nasjonalt forventningsbrev	5
2.1 Regional planstrategi.....	6
3.0 Plan og styringssystemet til Ulstein kommune	8
4.0 Utviklingstrekk og viktige utfordringar i Ulstein kommune.....	9
4.1 Demografisk utvikling i Ulstein kommune	10
4.2 Næringsliv og kompetanse	11
4.3 Areal, miljø og klima	13
4.4 Levekår og folkehelse	14
4.5 Kommunale tenester i Ulstein kommune og organisasjon.....	16
5.0 Planoversikt og plantiltak for å møte utfordringane.....	17

1.0 Kva er planstrategi?

Planstrategi kan kallast ein «plan for planlegging» der formålet er at den skal gje ei oversikt over utviklingstrekk og utfordringar i kommunen. Dokumentet skal klargjere kva planoppgåver kommunen bør starte opp eller rullere vidare for å få ei ynskja utvikling i kommunen. Etersom planen er ein strategi er den difor ikkje juridisk bindande og må ikkje ut på høyring. Likevel er det stadfesta i plan og bygningslova § 10-1 at den kommunale planstrategien skal offentleggjerast minst 30 dagar før kommunestyret behandlar strategien. Medverknad i planstrategien vert tatt vare på gjennom offentlig ettersyn. Kravet i plan- og bygningslova om å innhente synspunkt frå statlege- og regionale styresmakter og nabokommunar vil bli oppfylt i denne perioden.

Planstrategien omfattar difor ei skissering av utfordringane og vala til kommunen knytt til samfunnsutvikling og arealbruk, og ei vurdering av planbehovet. Dette skal bidra til at planlegginga i Ulstein kommune vert behovsstyrt og ikkje meir omfattande enn nødvendig. Planstrategien er altså ikkje ein plan med mål og strategiar, men eit verktøy for å vedta kva planoppgåver kommunen skal gjennomføra.

1.1 Rammer og føringar for arbeidet

Plan og bygningslova § 10-1 set krav om utarbeiding av kommunale planstrategiar i kvar valperiode. Arbeidet med den kommunale planstrategien er eit omfattande og sær samsatt dokument som har ein del juridiske rammer gjennom folkehelselova, plan- og bygningslova og kommunelova. Figuren under illustrerer koplinga mellom planstrategi, plan- og bygningslova og det kommunale plansystemet.




Figur 1. Illustrerer koplinga mellom planstrategi, plan- og bygningslova og det kommunale plansystemet, KS.

Utover lovverket har styresmaktene lagt ein del føringar for planarbeid i kommunal sektor. Kommune 3.0 er ein del av arbeidet med å gjere kommuneplanlegginga meir demokratisk gjennom auka samarbeid med innbyggjarane, politikarar og næringslivet. Kommunen skal gå frå å vere eit hierarkisk og byråkratisk styringsorgan til å få ei meir desentralisert og marknadsretta styring der brukarrettighetene vert styrka. Tidsbruken i planprosessar skal ned, men kvaliteten og viktige samfunnsinteresser skal sikrast.



Figur 2. Kommune 3.0

Stortinget og regjeringa har vedtatt at FN sine bærekraftsmål skal liggje til grunn for kommunen si samfunns- og arealplanlegging. Bærekraftsmåla er verdas felles arbeidsplan for å utrydde fattigdom, utjamne ulikheiter og stoppe klimaendringane innan 2030.



Innanfor berekraftsmåla ligg tre grunnelement som har betydning for samfunnsutviklinga: økologi, økonomi og sosial forhold. Kommunar er nøkkelaktørar for å realisera ei berekraftig samfunnsutvikling og realisering av berekraftsmåla i Noreg. Vi er nærast befolkninga, lokale bedrifter og organisasjonar. Samtidig er vi ansvarleg for mykje av den sosiale og fysiske infrastrukturen som påverkar befolkningas levkår og utviklingsmoglegheiter. Difor er det avgjerande å setja klare rammer for berekraftig utvikling i offentleg planlegging. Berekraftsmåla gjev difor viktige føringar for Ulstein kommune sine tenestoområde og kjem til å vera med på å gjere kommunen berekraftig og framtidsretta.

2.0 Nasjonalt forventningsbrev

Kvart fjerde år vert det lagt fram nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging. Regjeringa har FN sine berekraftsmål som mal i nasjonale forventningsbrev, og dette legg grunnlaget for fylkeskommunen og kommunane sin planstrategi. Regjeringa har for perioden 2019-2023 lagt vekt på at samfunnet står framfor fire store utfordringar;

- Å skapa eit berekraftig velferdssamfunn
- Å skapa eit økologisk berekraftig samfunn gjennom mellom anna ein offensiv klimapolitikk og ei forsvarleg ressursforvaltning
- Å skapa eit sosialt berekraftig samfunn
- Å skapa eit trygt samfunn for alle

Dette er utfordringar som påverkar Fylkeskommunen og kommune-Noreg. For å avgrensa utfordringane legg regjeringa fram fem fokusområde som vil vere avgjerande for å sikre og fremje ei berekraftig utvikling.

Planlegging som verktøy for heilskapleg og berekraftig utvikling

Grundig planlegging er ein føresetnad for berekraftig samfunnsutvikling. Regjeringa peikar på at i kommunen vil regionalt planforum verte eit viktigare forum for å diskutere og løyse nye oppgåver. Det vert samstundes presisert at demokratiseringa av kommunen skal styrkast ved at innbyggjarar, organisasjonar og foreiningar skal ha ei aktiv rolle i planarbeid. Arbeidet med digitalisering og digitale verktøy som sjølvbeteningsløysingar til offentleg data, planregister, matrikkel og andre register vil styrke kommunen og forholdet til innbyggjarane.

Vekstkraftige regionar og lokalsamfunn i heile landet



Regjeringa har vore klare på at berekraftig velferdssamfunn er avhengig av det vert skapt verdiar og arbeidsplassar i heile landet. For å oppnå dette må fylket og kommunane leggje til rette for det nye grønne og berekraftige næringslivet.

Regjeringa ynskjer at næringsutviklinga skal skje i sentrum med fokus på effektive arealløysingar og moglegheiter for samlokalisering. Regjeringa peikar på at klimaendringar vil gje store utfordringar for kommune-Noreg innan områda infrastruktur, busetnad og utbygging. For å skape ei berekraftig samfunnsutvikling vil det vera avgjerande at kommunen støttar opp for næringsutbygging i sitt lokalområde.

Berekraftig areal og transportutvikling

Regjeringa legg vekt på at kommunane må tenkje nytt og fokusere på større arealeffektivitet og redusere unødvendig utbygging. Det er også viktigare at kommunen legg klare mål for offentleg transport, infrastruktur, busetnad og utbygging. Ved å leggje klare føringar for arealnytting vil ein skape eit meir robust og levande nærmiljø. Dette vil gjere slik at ein trekk langsiktige grenser mellom by- og tettstadsområde og landbruks-, natur- og friluftsområde.

Byar og tettstader der det er godt å bu og leve

Ved at fleire busett seg i tettstad- og byområde må natur og by i større grad utviklast i eit samspel. Med klimaendringar er naturen ein viktig førebyggjar samstundes som den gjev folkesetnaden auka livskvalitet. Difor vert det avgjerande å utvikle fleirbruksområde med grønne område, sosiale møteplassar, arealeffektivitet, levande sentrum og tilrettelegging for mjuke trafikantar med fleire. Områda skal vera attraktive for innbyggjarane og skal bidra til god folkehelse, livskvalitet og trivsel. I tråd med dette får kommunen eit større ansvar for å skape eit tydeleg avgrensa sentrum med bustader, arbeidsplassar, kulturtilbod, handel og andre publikumsretta funksjonar som støttar opp under utviklinga av kompakte byar og tettstader med korte avstandar.

2.1 Regional planstrategi

Møre og Romsdal fylkeskommune sin regionale planstrategi 2020-2024 beskriv dei viktigaste utviklingstrekk, utfordringane og planspørsmåla i fylket. Fylkeskommunen tar utgangspunkt i nasjonale mål og rammer, men legg vekt på regional og lokal tilpassing av dei nasjonale føringane. Det inneber å få fram og samordne ulike behov, interesser og verkemiddel til det beste for heile fylket. Regional planstrategi er utarbeida 2019-2020 og er gjeldande fram til

2024. Møre og Romsdal fylkeskommune byggjer den regionale planstrategien på FN sine berekraftsmål og har fire hovudmål for den kommande perioden.

Samarbeidsfylket Møre og Romsdal

Gjennom å styrke samarbeidet mellom kommunar og fylkeskommunen kan ein møta komande utfordringar som til dømes urbanisering, klimaendringar og aldrande befolkning saman. Ved å dra lærdom frå dei ulike aktørane i Møre og Romsdal kan ein byggje opp eit samspel og formidle informasjon på tvers av fylket. Fylkeskommunen ynskjer å etablere fleire arenaer for samarbeid mellom statsetatar, offentlege etatar, kommunar, forskning og innovasjonssektoren.

Miljøfylket Møre og Romsdal

Målsettinga at Møre og Romsdal skal vera miljøfylke nummer éin, er i tråd med Parisavtalen og vil sikre ei berekraftig samfunnsutvikling. Om fylket skal lukkast med det grønne skiftet må arealplanlegginga både på land og i sjø vera miljøvenleg og effektiv samstundes som den ivaretek og samordnar behova for bustadføre mål, næringsareal, transport, jordvern, rekreasjon, naturmangfald og biologisk mangfald.

Inkluderings- og kompetansefylket Møre og Romsdal

Møre og Romsdal skal vera eit attraktivt og mangfaldig fylke der folk vel å bu. Dette inneber ei sunn og aktiv befolkning, inkludert god tannhelse, at innbyggjarane har ei ønska og etterspurd utdanning, det er trygge oppvekstvilkår, og inkluderande og attraktive byar- og tettstader med stadtilpassa transportløyisingar. Barnefattigdommen er redusert, alle grupper uavhengig av kjønn, alder, legning, etnisk- og sosial bakgrunn og funksjonsnivå har likt høve til å delta i arbeids- kultur-, og samfunnsliv, det er låg arbeidsløyse, nok og miljøvennleg energi, og dei demokratiske verdiane står høgt.

Verdiskapingsfylket Møre og Romsdal

Møre og Romsdal skal ha eit internasjonalt leiande næringsliv og ein effektiv offentleg sektor. Dette inneber at fylket har sikker energitilgang og innovative konkurransedyktige verksemder som skapar verdiar i heile fylket. Arbeidslivet er attraktivt og seriøst, og dei økonomiske verdiane har ei fordeling som gir god velferd. Fylket har utvikla bu- og arbeidsmarknadsregionane gjennom stadtilpassa, effektive, miljøvennlege og trygge mobilitetsløyisingar med grunnlag i teknologi og digitalisering. Samskapande forskings- og innovasjonsaktivitet har medverka til at fylket har nytta ressursane knytt til menneska, til

havet og til landskapet i heile fylket. Utviklinga bygger på sirkulærøkonomi og berekraftige forretningsmodellar.


3.0 Plan og styringssystemet til Ulstein kommune

Plansystemet er til for å setje kommunepolitikk i system, og deretter setje den i verk gjennom ulike tiltak i økonomiplan og verksemdsplanar. Ulstein kommune legg opp til eit hierarkisk plansystem der kommuneplanen definerer dei overordna måla for utviklinga, og at desse vert sett i samanheng med målformuleringar i andre planar. Ved å ha eit integrert plansystem der den enkelte planen er forankra i overordna plan og føringar i denne, har ein eit godt utgangspunkt for å driva ei heilskapleg samfunnsutvikling som tar vare på ulike oppgåver og interesser. Kommuneplanen skal vera det overordna styringsdokumentet og skal gje langsiktige føringar for den kommunale verksemda og utviklinga i kommunen.

Økonomiplanen utgjer handlingsdelen av kommuneplanens samfunnsdel og viser kva som skal prioriterast dei neste fire åra. Prioriteringar i budsjettet skal vera forankra i økonomiplanen.

Ulstein kommune vedtok ein ny kommuneplan for samfunn i 2017 og ny kommuneplan for areal i 2019. Dette er dei overordna styringsinstrumenta til kommunen. I samfunnsdelen fastset kommunestyret dei langsiktige utviklingsmåla for kommunen som dannar grunnlaget for dei andre planane til kommunen. I kommunedelplan for areal legg ein til langsiktig strategiar for areal og korleis kommunen ønsker å disponera areala i kommunen til ulike formål, og med det bidra til å realisera måla i samfunnsdelen. Dei enkelte kommunedelplanane (tematisk eller arealplanar) skal leggja føringar frå kommuneplanen til grunn. Kommunedelplanane blir utarbeidd etter behov, mellom anna der det er behov for ytterlegare konkretiseringar og operasjonisering av overordna mål frå kommuneplanen.

Figuren under viser kva planar som inngår i det kommunale plan- og styringssystemet, og korleis koplinga mellom dei ulike planane er:




Figur 4: Det kommunale planhierarkiet, KS

4.0 Utviklingstrekk og viktige utfordringer i Ulstein kommune

Det er fleire måtar å kartlegga Ulstein kommune sine utfordringer. Ein måte er gjennom statistikk eller andre kjelder. Ved denne kartlegginga har ein nytta samfunnsanalysen av Ulstein-samfunnet, folkehelseoversikta, ungdatabasen, oppvekstprofilen, SSB og kjeldemateriale frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

4.1 Demografisk utvikling i Ulstein kommune

Framskrivinga frå SSB syner at Ulstein kommune endå vil ha ein vidare vekst i folkesetnaden, og at vi i kommunen vil nærme oss 10 000 innbyggjarar ved 2030. Auka i folketalet vil sannsynleg vera konsentrert i Ulsteinvik og kommunen må leggje til rette areal for befolkningsutvikling. Med fleire innbyggjarar vil statlege overføringar til Ulstein kommune auke, noko som vil gagne lokalsamfunnet og dei kommunale sektorane. Det er likevel noko usikkert om Ulstein sin folkesetnad endå vil ha ein like stor andel innvandrarak i kommunen i framtida. Store delar av innvandringa består av arbeidsinnvandring og er avhengig av verftsindustrien - ei næring som er i dag er inne i ei omstrukturering. Grunna blant anna høg arbeidsinnvandring har Ulstein kommune den yngste folkesetnad på ytre-søre. Framskrivinga visar at gjennomsnittsalderen gradvis vil auke mot 2030, men ikkje signifikant. Dette er ei positiv utvikling og ein stor fordel ettersom den venta eldrebølgja vil koma seinare til Ulstein kommune, noko som gjev tid til førebuande handlingsrom. Det er også forventet ei midlertidig nedgang i talet på fødde born i Ulstein kommune. Eit tydeleg punkt er at utdanningsnivået i folkesetnaden truleg vil auke. Dette er både positivt og negativt ettersom det kan skape eit større klasseskilje i folkesetnaden. Samstundes kan det verta vanskeleg å skape nok arbeidsplassar med behov for høg kompetanse.



Figur 5: Befolkningsutvikling i Ulstein kommune fordelt på alder, SSB.

Hovudutfordringar

- Ujamm kjønnsbalanse i 2019 i Ulstein med 81,6 kvinner per 100 menn.
- Redusert sysselsetting blant dei maritime verksemdene
- Vere attraktivt for unge nyutdanna.
- Aukande del eldre menneskjer i kommunen
- Minkande barnefødsalar under planperiode

- Aukande behov for både tenester i heimen og for institusjonsplassar i perioden fram mot 2040
- Gjere Ulstein kommune attraktivt for unge yrkesaktive
- Aldrande folkesetnad med færre yngre og potensielt yrkesaktive bak kvar person over 67 år
- Yngre slit med å kome seg inn på bustadmarknaden

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane

- Samarbeide med Husbanken og KS gjennom «Tiltak for eit aldrande samfunn» og «Aldersvenleg lokalsamfunn»
- «Ungdata»-undersøkinga
- Rullering av bustadsosial handlingsplan
- Rullering av kommunedelplan for levekår
- «Saman om å skape» Strategi for innbyggardialog i Ulstein kommune
- Parallellopdrag Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen, Holvekerdalen

4.2 Næringsliv og kompetanse

Ulstein kommune er ein sterk næringskommune og ein del av den maritime klynga. Plasseringa i NHO sitt kommune-NM blir nytta som resultatmål til strategisk næringsplan. Under kategorien «næringsliv» er Ulstein kommune den 22. beste kommunen i landet, og den nest beste næringskommunen i fylket. Ulstein skil seg òg positivt ut frå nabokommunane på utvikling i talet på arbeidsplassar i privat sektor dei siste åra. Telemarksforsking sin modell for arbeidsplassvekst peikar på tre faktorar for vekst i næringslivet; næringsattraktivitet, bustadattraktivitet og besøksattraktivitet.

Basert på forskning er det vanleg innan offentleg næringsstrategi for urbane strøk å arbeide for ei næringsutvikling som over tid inneber arbeidsplassauke tilsvarande halvparten av befolkningsauka. For Ulstein betyr det at talet på arbeidsplassar må auke med 550 innan 2030. Det tilsvarar 55 nye arbeidsplassar kvart år. Ettersom verftsindustrien og andre aktørar gjennomgår ei omstrukturering er det vanskeleg å sjå om dette er realistisk innan den maritime næringa. Om befolkningsveksten fortsett utan at det skapast nye arbeidsplassar i Ulstein eller regionen, kan det medføre høgare arbeidsløyse. Difor er det viktig å leggje til

rette for nyetablering og vekst. Kommunen arbeider aktivt for å styrkje skaparvilja til innbyggjarane, der målet er at dette skal resultere i nye arbeidsplassar og auke diversiteten av næringsstrukturen i kommunen - som igjen kan vere med på å gjere næringslivet mindre sårbart mot konjunktursvingingar. Kommunen samarbeider med næringslivet, innbyggjarane og nabokommunane om ei reiselivssatsing for å styrke denne næringsverksemda.

Hovudutfordringar

- Personar med høg utdanning blant sysselsette som bur og arbeider i kommunen er låg
- Mange pendlarar blant dei sysselsette i kommunen, mange med høg utdanning
- Få offentlege arbeidsplassar utanom kommunen
- Næringsliv med høg risiko for konjunktursvingingar.
- Auka samarbeid mellom kommune, næringsliv og folkesetnaden.
- Utløyse gründer- og skaparvilje i befolkninga

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane

- Reiselivssatsing
- Parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen, Helsekerdalen
- Ulstein Næringsforum
- Skaparhuset
- Prosjekt saman med NCE Kuben og bedrifter for å leggja til rette for omstilling i næringsklynga
- Støtte til klynge/nettverk for sosiale entreprenørar gjennom blant anna Hoppid
- «Saman om å skape», Strategi for innbyggjardialog i Ulstein kommune


4.3 Areal, miljø og klima

Det er eit mål for Noreg at innan 2030 skal klimagassutsleppa i kommunane vera redusert med minst 40 % samanlikna med nivået i 1990. Klimagassutsleppet i Ulstein i 2018 var på 29897,6 tonn CO2 ekvivalenter. For kommunen er det sjøfart og trafikk som påverkar utsleppstala mest. Mellom 2016 til 2018 har utsleppa gått ned med 22,4 %.

Dette skuldast truleg satsingar på fjernvarme, fortetting av sentrum, auka miljøfokus i kvardagen og resesjon i den maritime næringa. Under planperioden 2020-2023 vil Ulstein kommune få eit aukande behov for å tilretteleggje for fleire bustadar. Dette behovet vil truleg vera mest pressande i Ulsteinvik, noko som legg press på arealet. Truleg vil det koma skjerpa krav til miljø, klima og berekraftig arealbruk for kommunen. Sentrumsplanen og parallelloppdraget vil såleis vera avgjerande for korleis Ulsteinvik utviklar seg, samstundes som den vil setja klare rammer for framtida. Det er forventa at ei auke i mangfaldet av husvære i kommunen, noko som kan påverke noverande arealbruk og bidra til eit skifte frå einebustad til leilegheit. Eit tettare sentrum vil også føre til at færre har behov for bil, ettersom dei viktigaste fasilitetane ligg i gå-avstand til eigen bustad. Samtidig må kommunen aktivt fremje tiltak for gåande, syklende og kollektivreisande slik at enda fleire let bilen stå.

Direktoratet for samfunnstryggleik og beredskap estimerer at det framtidige havnivået kan stige med 75 cm i området kring Ulstein kommune. Det vert også stadfesta at med klimaendringar vil det kome fleire kraftige stormar. DSB tar for seg stormflo opp til 198 cm over dagens havnivå. Med klimaendringar vil det verte vanlegare med episodar med kraftig styrtregn og kommunen må leggje til rette for handtering av overvatn i utbygde strøk.

Hovudutfordringar



Figur 6: Utslepp av klimagassar i Ulstein kommune, miljødirektoratet.


- Fram mot 2030 er det behov for store klimagasskutt innan vegtrafikk, sjøfart og landbruk. Dette kan krevja omfattande tiltak.
- Klimatilpassing må takast omsyn til i all kommunal planlegging og gjennomføring av tiltak. Samfunnet må tilpassast eit endra klima.
- Avklare arealbruk og støtte opp under gjenbruk av areal for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling
- Fortettingsplanar aukar konflikhtar med eksisterande kulturmiljø, grønstruktur og annan småhusbusetnad

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane

- Parallelloppdrag Ulsteinvik sentrum, Ulshaugen, Halsekerdalen
- Utarbeiding ny kommunedelplan for landbruk
- Tilrettelegging for utsleppsfrie køyretøy (el/biogass)
- Miljøfyrtårnsertifisering av kommunen sine egne verksemdar
- Miljøkrav ved innkjøp
- Energireduserande tiltak i kommunale bygg

4.4 Levekår og folkehelse

Folkehelse og levekår i kommunen er den samla innsatsen som direkte eller indirekte fremjar helsa og trivselen til befolkninga, førebygger mental- og somatisk sjukdom, skadeleg lidning, eller som vernar mot helsetruslar - og arbeider for ei jamnare fordeling av faktorar som direkte eller indirekte påverkar helsa. Folkehelse er eit viktig satsingsområde, og evna kommunen har til langsiktig og målretta arbeid på dette feltet vil vera avgjerande for ei positiv samfunnsutvikling. For Ulstein kommune har den gjennomsnittlege levealderen auka som eit resultat av økonomisk utvikling og god velferd. Innbyggjarane i Ulstein



Figur 7: Påvirkningsfaktorar for helse, Dahlgren og Whiteheads, 1991

vert likevel omfatta av ein nasjonal og internasjonal trend der helseproblem i aukande grad har samanheng med usunt kosthald i kombinasjon med mangel på fysisk aktivitet. Dette har mellom anna ført til ei auke i tilfelle av fedme/overvekt, hjarte- og karsjukdommar, diabetes og kreft. Det vert òg notert at ein aukande del av befolkninga har mentale plagar eller mentale symptom. Ulstein har i dag fleire aktive idrettslag, likevel er ikkje dette tilbod som passar alle. Difor er det viktig å oppmuntra til fysisk aktivitet då dette kan ha førebyggjande effektar på til dømes mental helse og livsstilssjukdomar. Det er store sosiale forskjellar når det gjeld folkehelse blant innbyggjarane i Ulstein. Lik nasjonale trendar er det ofte innbyggjarar med låg inntekt og svak utdanningsbakgrunn som er i risikograppa. For god samfunnsutvikling må kommunen halde fram med å støtte barnefamiljar med låg inntekt, arbeide for auka livskvalitet for borna, og minske klasseskilnader i samfunnet. Gjennom stortingsmeldingar som «Leve heile livet», peikar ein på at innbyggjarane sjølve har eit ansvar for eiga helse. Kommunen kan leggje til rette for gangstiar, møteplassar og andre arenaer som har påverknad på folkehelsa, men det vil verte eit større behov i framtida for at innbyggjarane aktiverer seg sjølve og er opne om eigen livsstil og helsesituasjon.

Hovudutfordringar

- Aukande mengde ungdommar og vaksne som slit med einsemd og mentale helseutfordringar
- Aukande livsstilssjukdomar blant folkesetnaden
- Mobilitetstilbod for unge og eldre

Døme på kva som vert gjort for å møte utfordringane

- «Ungdata»-undersøkinga
- Brukar- og tenesteundersøkingar
- Rullering av kommunedelplan for Levekår
- Folkehelseoversikta
- Prosjektet UNG Arena
- Frisklivssentralen

4.5 Kommunale tenester i Ulstein kommune og organisasjon

Dei kommunale tenestene er organisert i fire kommunale område:

- 1. Helse- og omsorgsetaten**, med ansvarsområde i hovudsak knytt til pleie- og omsorgstenester.
- 2. Teknisk etat**, med ansvarsområde i hovudsak knytt til areal- og transportplanlegging, kommunale vegar, vatn og avløp, vedlikehald av offentleg areal, brannberedskap, samt kundebehandling knytt til arealplan, byggesak og oppmåling.
- 3. Oppvekst- og kulturetaten**, med ansvarsområde i hovudsak knytt til utvikling og drift av skular, barnehagar, kulturarenaene i kommunen, PPT med fleire.
- 4. Organisasjon og utvikling**, med ansvarsområde i hovudsak knytt til kommuneorganisasjonen, HR, økonomi, samt sentrale stabsfunksjonar organisert hos rådmannen som viktige område for kommuneplanlegging.

Hovudutfordringar

- Yngre tenestemottakarar har oftast eit meir omfattande behov enn dei eldre
- Talet på innbyggjarar som ynskjer oppfølging for psykiske utfordringar er aukande
- Auka kunnskap om konsekvensar av klimaendring og klimatiltak
- Endringar i fysisk planlegging som følgje av auka medvit om berekraftig utvikling
- Ynskje om vekst både av innbyggjarar og arbeidsplassar fører til stor aktivitet innanfor feltet og krev ressursar både til å behandle plan- og byggesaker, men også krav til å kommunisere og formidle komplekse prosessar og saker
- Auka einsemd blant unge kan på sikt svekke idretts- og kulturtilbodet
- Auke i talet på born med behov for spesialpedagogisk hjelp eller tilrettelegging.
- Vaksne med høgskule-/universitetsutdanning er lågare enn landsgjennomsnittet.
- Eldrebølge med tilhøyrande økonomiske belastningar kan gje dårlegare tilbod til barn og unge
- Auka digitalisering fører til kostnader og aukar sårbarheita for digital infrastruktur
- Klimaendringar aukar faren for alvorlege naturhendingar
- Auke i reiseverksemd har auka sannsynet for pandemi
- Frå leige til eige

5.0 Planoversikt og plantiltak for å møte utfordringane

Planar	Sist vedtatt	Gjeldane for	Aktivitet	Merknad	Ansvarleg etat
Kommuneplanar					
Kommuneplan-Samfunnsdel	2017	2017-2029	Rullering 2022		Plan og bygningsavdeling
Kommuneplan-Arealdel	2019	2019-2031	Rullering 2023		Plan og bygningsavdeling
Kommunedelplanar					
Kommunedelplan for trafikktrygging	2016	2016-2019	Rullerast 2020	Handlingsdel reviderast årleg	Plan og bygningsavdeling
Kommunedelplan Idrett og fysisk aktivitet	2015	2015-2018	Vidareførast	Handlingsdel reviderast årleg	Kulturavdelinga
Kommunedelplan for levekår	2013	2013-2020	Rullering 2019	Under rullering	Rådmannen/planforum
Kommunedelplan for klima	2011	2011-2014	Vidareførast	Revidert handlingsplan 2019	Plan og bygningsavdeling
Landbruksplan	Ny		Oppstart 2020		Landbrukskontoret
Interkommunale planar					

Kystsonerplan	Ny		Ferdigstillast 2021		Plan og byggningsavde- ling
Tema- og sektorplanar					
Bustadsosial Handlingsplan	2016	2016-2019	Rullerast 2020		Helse og omsorgsetate- n
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	2015	2015-2019	Rullering 2020		Helse og omsorgsetaten
Handlingsplan mot vald i nære relasjonar	2014	2014-2018	Vidareførast	Ny felles interkommunal plan under planlegging	Helse og omsorgsetaten
Plan for habilitering og rehabilitering	2013	2013-2017	Vidareførast		Helse og omsorgsetaten
Smittevernsplan	2020	2020	Vidareførast		Helse og omsorg
Plan for sorg og omsorgsarbeid	2009	2009-	Rullerast kvart år	Avvikle inn under bered- skapsplan	Helse og omsorgsetaten
Folkehelseoversikt	2015	2015-2019	Oppstart 2019		Helse og omsorgsetaten
Beredskapsplan (Helsemessig og- Sosial beredskap)	2009	2009-	Vidareførast	Vil ved neste rullering vere i tråd med overordna beredskaps plan	Helse og omsorg
Kulturminneplan	NY		Ferdigstilt 2020		Kulturavdelinga
Alkoholpolitisk handlingsplan	2020	2020-2024			Rådmann

Parkeringsplan	2007			Inn i parallelloppdraget	Drift og anlegg/ plan og bygningsavdeling
Hovudplan vatn	2014	2014-2019	Rullering 2020		Drift og anlegg
Hovudplan avløp	2018	2019-2029	Vidareførast		Drift og anlegg
Hovudplan veg	2002	2002-			Drift og Anlegg
Overordna beredskapsplan	2015		Årleg revidering	Ny ROS-analyse 2019 implementerast	Avdeling for demokrati og kommunikasjon
Plan for samarbeid skule-arbeidsliv	2015	2015-2018	Under rullering	Ferdigstillast 2020	Oppvekstetat
Kvalitetetsplan for Ulsteinskulen	2016	2016-2019	Under rullering	Ferdigstillast 2021	Oppvekstetat
Reguleringsplanar					
Borgarøya	Ny		Oppstart uavklara		Plan og bygningsavdeling
Kryssløysing Saunesmarka	Ny		Oppstart 2015		Plan og bygningsavdeling
Eiksund Skule			Oppstart 2020		Plan og bygningsavdeling
Glopen	Ny		Oppstart 2015		Plan og bygningsavdeling
Detaljregulering Holvekerdalen	Ny		Oppstart 2020	Inn i parallelloppdraget	Plan og bygningsavdeling
Områdeplanar					
Områdeplan for sentrum	Ny		Oppstart 2020	Parallelloppdraget	Plan og bygningsavdeling